



DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 24

(2007–2008)

Om endringer i statsbudsjettet for 2007 mv. under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 16. november 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringer i løyvingar under programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar. Vidare vert det gjort framlegg om at fire postar får tilføydd stikkordet «kan overførast». Det blir òg gjort greie for nokre saker som gjeld veg, jernbane og særskilde transporttiltak, m.a. kostnadsoverskridingar.

2 Programkategori 21.10. Administrasjon m.m.

Kap. 1300 Samferdselsdepartementet

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Den reelle aktiviteten i ENISA (det europeiske nettverks- informasjonstryggleiksbyrået) vart i 2005 lågare enn det som var lagt til grunn ved berekninga av kontingenten. Det same galdt for ERA (European Rail Agency) i 2005 og 2006. For mykje betalt kontingent til dei to organisasjonane er avrekna mot kontingenten for 2007. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1300, post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar, med 2 mill. kr.

3 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

Kap. 1310 Flytransport

Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter

Avtalen med flyselskapa inneheld ein klausul om at gjeldande kontraktar kan reforhandlast dersom rammevilkåra vert endra. Reforhandlingane som framleis ikkje er ferdige, kan føre til at utbetalningane ikkje finn stad før i 2008. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at kap. 1310, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter, får tilføydd stikkordet «kan overførast».

Kap. 1313 Luftfartstilsynet

Post 01 Driftsutgifter

Aktiviteten i luftfartssektoren er i 2007 høgare enn venta. Den auka aktiviteten gjeld m.a. generelt auka trafikk, auke av flyflåten på norsk register, nye ruter og opning av ny lufthamn. For Luftfartstilsynet har dette ført til at tilsynsverksemda har auka. Utgiftene til tilsynsverksemda har dermed vorte høgare. Samstundes har inntektene frå denne verksemda auka. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1313, post 01 Driftsutgifter, med 5 mill. kr. Inntektene vert auka tilsvarande, jf. kap. 4313, post 01.

Kap. 4313 Luftfartstilsynet*Post 01 Gebyrinntekter*

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4313, post 01 Gebyrinntekter, med 5 mill. kr, jf. omtalen under kap. 1313, post 01 Driftsutgifter.

Kap. 1314 Statens havarikommisjon for transport*Post 01 Driftsutgifter*

Det har teke lengre tid for Statens havarikommisjon for transport å få tilsett folk i ledige stillingar enn rekna med. Vidare har få ulykker ført til lågare utgifter til undersøkingar. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1314, post 01 Driftsutgifter, med 4 mill. kr.

4 Programkategori 21.30 Vegformål**Kap. 1320 Statens vegvesen***Post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.*

Det har i år vore fleire tilfelle med lokalt veldig store mengder nedbør på kort tid. Dette har ført til skadar på vegnettet og påført Statens vegvesen utgifter ut over det ein normalt kunne vente.

Dei store mengdene med nedbør har fleire stader ført til auka nedfall av stein og steinmassar. Dette har ført til auka utgifter til rydding av vegbaner, og til å gjennomføre strakstiltak som følgje av ras. Ekstrakostnadene for å utbetre rasskadane er på landsbasis rekna ut til 14,6 mill. kr, jf. tabellen.

Andre stader har store vassmengder, som kjem ned langs fjellsider, elvar og bekkelaup, ført til at lause massar vert transportert ut i vegbana, og til utgliding av vegbana. Slike skadar må ein utbetre raskt for å kunne få avvikla trafikken. Ekstrakostnadene for å utbetre desse flaumskadane er på landsbasis rekna ut til 24,4 mill. kr, jf. tabellen.

Samferdselsdepartementet foreslår å løyve til saman 39 mill. kr til å dekkje desse ekstraordinære kostnadene på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m. Tabellen viser kva for tiltak/prosjekt som beløpet skal nyttast til.

	Mill. kr
<i>Ras:</i>	
Rv 36 v/Mannebru i Telemark	2,7
Diverse mindre rastiltak i Telemark	0,3
Rv 550 Odda – Utne i Hordaland	5,0
Rv 17 og rv 74 i Nord-Trøndelag	0,6
Rv 91 Ura i Troms	2,0
Rv 93 Kløfta i Finnmark	3,0
Diverse mindre rastiltak i Region nord	1,0
<i>Sum ras</i>	14,6
<i>Flaum:</i>	
Rv 245 Lomsdalen v/Dokka i Oppland	3,0
E16 Buskerud grense – Fagernes i Oppland	0,2
Rv 33 Tonsåsen i Oppland	0,2
Riksvegar i øvre Buskerud	10,3
Kongsberg i Buskerud	5,9
Riksvegar i øvre Telemark	1,5
Diverse mindre flaumtiltak i Region sør	2,0
Diverse mindre flaumtiltak i Nord-Trøndelag	1,3
<i>Sum flaum</i>	24,4
<i>Totalsum</i>	39,0

E6 Ny Nidelv bru i Trondheim – kostnadsauke

I St.prp. nr. 68 (2006-2007) er det lagt til grunn eit kostnadsoverslag på om lag 97 mill. kr for bygging av ny klaffebru over Nidelva i Trondheim. Statens vegvesen har fått inn tilbod frå ein entreprenør på bygginga av brua. Tilbodsprisen er mykje høgare enn det som låg til grunn i St.prp. nr. 68 (2006-2007). Årsaka til prisauken er høge marknadsprisar.

Statens vegvesen har no valt å avlyse konkurransen fordi det berre kom inn eitt tilbod. Vegvesenet vil lyse ut ein ny konkurranse med fleire delentreprisar og med nokre endringar i den tekniske løysinga for brua. Statens vegvesen har tru på at ein konkurranse med fleire delentreprisar vil gi fleire entreprenørar høve til å delta.

Statens vegvesen har utarbeidd eit revidert kostnadsoverslag basert på oppdaterte marknadsprisar og eit opplegg med fleire delentreprisar. Det reviderte overslaget er no på om lag 140 mill. kr, noko som inneber ein kostnadsauke på 44 pst. samanlikna med St.prp. nr. 68 (2006-2007). Det vil verte gjennomført ei uavhengig kvalitetssikring av kostnadsoverslaget før det vert inngått kontrakt. Samferdselsdepartementet vil komme tilbake til Stortinget dersom kvalitetssikringa gir meir enn 10 pst. avvik i kostnader.

Prosjektet E6 Nordre avlastningsveg opnar for trafikk i 2009. Bygging av Nidelv bru er heilt avgjerande for å få til god trafikkavvikling i området etter at Nordre avlastningsveg er ferdig. Statens vegvesen går derfor inn for at prosjektet vert gjennomført trass i kostnadsauken. Samferdselsdepartementet sluttar seg til denne vurderinga.

I St.prp. nr. 68 (2006-2007) er det lagt til grunn at kostnadsoverskridingar skal dekkjast i samsvar med gjeldande retningsliner for bompengeprojekt. Dette gjer at kostnadsoverskridingar på inntil 10 pst. ut over prisstiging skal dekkjast med bompengar og statlege midlar etter same prosentfordelinga som i finansieringsplanen. Kostnadsauke ut over 10 pst. skal dekkjast av staten. Med eit kostnadsoverslag på 140 mill. kr inneber dette at bompengeselskapet skal finansiere 63 mill. kr, medan 77 mill. kr skal finansierast med statlege midlar.

E6 Trondheim – Stjørdal – behov for bompengar

Som omtalt i St.prp. nr. 68 (2006-2007) er det lokalpolitisk tilslutning til å vidareføre innkrevjinga av bompengar på prosjektet E6 Trondheim – Stjørdal for å byggje endeparsellane Nidelv bru – Grillstad i Trondheim kommune og Værnes – Kvithamar i Stjørdal kommune. Ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet er starta og er føresett å vere ferdig tidleg i 2008. Regjeringa tek sikte på å fremme ein proposisjon om saka våren 2008.

Før prosjektet kan leggjast fram for Stortinget, må det vere gjennomført nødvendig prosjektering, grunnundersøkingar m.m. Kostnadene er rekna til om lag 20 mill. kr. For å kunne finansiere dette arbeidet har Statens vegvesen foreslått å rekvirere bompengar frå eksisterande innkrevjingsordning på E6 mellom Trondheim og Stjørdal. Samferdselsdepartementet sluttar seg til det skisserte opplegget.

Saka er lagt fram for Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag fylkeskommunar og Trondheim, Malvik og Stjørdal kommunar som behandla saka i oktober og november 2007. Kommunane og fylkeskommunane har gjennom denne behandlinga slutta seg til at Trøndelag Bomvegselskap A/S stiller til disposisjon bompengar frå innkrevjingsordninga på E6 Trondheim – Stjørdal til førebunde arbeid på parsellane Nidelv bru – Grillstad i Trondheim kommune og parsellen Værnes – Kvithamar i Stjørdal kommune.

Rv 108 Ny Kråkerøyforbindelse i Østfold – behov for bompengar

Ved behandlinga av St.prp. nr. 41/Innst. S. nr.149 (2006-2007) slutta Stortinget seg til eit opplegg med delvis bompengefinansiert utbygging av prosjektet rv 108 Ny Kråkerøyforbindelse i Fredrikstad.

Som opplyst i St.prp. nr. 1 (2007-2008), er anleggsstart utsett som følgje av kostnadsauke på prosjektet. Anbudsprosessen er stansa, og prosjektet vert lyst ut på nytt. Lokale styresmakter har gjort vedtak om eit endra bompengepopplegg for prosjektet.

Arbeidet med ei forenkla og fornya ekstern kvalitetssikring er starta. Prosjektet vil leggjast fram for Stortinget på nytt når det ligg føre til strekkelege avklaringar av kostnadsoverslag, framdrifts- og finansieringsplan.

Som det går fram av St.prp. nr. 41 (2006-2007), er det til saman løyvd 14 mill. kr til prosjektet i 2006 og 2007. I 2007 er det behov for ytterlegare 62 mill. kr til prosjektering, prosjektleiing, grunnerverv og etablering av ein erstatningsbarnehage. Behovet er føresett dekt med bompengar, men omtalen av dette vart utegløymt i St.prp. nr. 41 (2006-2007). Samferdselsdepartementet føreset derfor at bompengeselskapet stiller til disposisjon inntil 62 mill. kr til prosjektet i 2007.

Kostnadsoverskridingar på Bybanen i Bergen

Utbygginga av Bybanen i Bergen vert finansiert gjennom Bergensprogrammet for transport, byutvikling og miljø, jf. St.prp. nr. 76 (2001-2002) og Innst. S. nr. 45 (2003-2004), og St.prp. nr. 75 (2004-2005) og Innst. S. nr. 94 (2005-2006).

I St.prp. nr. 75 (2004-2005) er det lagt til grunn ei styringsramme for første byggjesteg av Bybanen på kr 1 640 mill. 2005-kr og ei kostnadsramme på 1 800 mill. 2005-kr. Omrekna til 2007-kr utgjer dette 1 746 mill. kr (styringsramme) og 1 917 mill. kr (kostnadsramme). Nye kostnadsprognosar tyder no på at prosjektet vert vesentleg dyrare enn opphavleg planlagd.

Bakgrunn for kostnadsauken

Detaljprosjektering av Bybanen starta like etter at Stortinget i 2006 behandla St.prp. nr. 75 (2004-2005). Entreprisar tilsvarende om lag 70 pst. av kostnadsoverslaget vart lyst ut våren 2007. Dei fleste tilboda vart mottekne i september 2007. Kostnadsprognosar som er utarbeidde på grunnlag av dei tilboda som er komne inn, viser no ein

venta prosjektkostnad på 2 200 mill. 2007-kr. Dette er 454 mill. kr over indeksjustert styringsramme og 283 mill. kr over indeksjustert kostnadsramme. Prosjektkostnaden vil dermed overskride kostnadsramma som låg til grunn for behandlinga av St.prp. nr. 75 (2004-2005). Bergen kommune som byggherre har gjort framlegg om ny styringsramme på 2 200 mill. 2007-kr og ny kostnadsramme på 2 400 mill. 2007-kr.

Avviksanalysar viser at hovudårsaka til kostnadsauken er høgare prisar på innkomne tilbod enn det ein rekna med i kostnadsoverslaga. Det er særleg entreprisekostnadene for tunnelarbeida som har auka kraftig.

Auka bompengteinntekter

Ved behandlinga av St.prp. nr. 75 (2004-2005) vart det vedteke endringer i innkrevjingsordninga i Bergen som førte til at bompengteinntektene auka. Dei ligg no godt over overslaget som vart lagt til grunn for St.prp. nr. 75 (2004-2005). Særleg etableringa av fem nye bomstasjonar har medverka til denne inntektsauken. Prognosane tilseier ei årleg nettoinntekt på om lag 360 mill. kr frå og med 2008. Dette er ein auke på om lag 50 mill. kr pr. år samanlikna med inntektsoverslaget i St.prp. nr. 75 (2004-2005).

Lokal behandling av saka

Saka vart 15. oktober 2007 lagt fram for behandling i bystyret i Bergen som gjorde dette vedtaket:

«Det søkes Stortinget om økt styrings- og kostnadsramme for bybaneprosjektet i tråd med premissene i denne saken.»

Fylkestinget behandla saka på møte 16. oktober 2007 og gjorde dette vedtaket:

1. Fylkestinget tek framlagt kostnadsprognose for Bybanen i Bergen til orientering og legg til grunn at prosjektet vert gjennomført som ein del av Bergensprogrammet slik det er føresett i St.prp.nr.75 (2004-2005).
2. Fylkestinget ber om at Stortinget godkjenner ny styringsramme for prosjektet på 2 200 mill. kr og kostnadsramme på 2 400 mill. kr.
3. Fylkestinget meiner staten må ta sin del av kostnadsauken. Skjer ikkje dette rår fylkestinget til at kostnadsauken for Bybanen i Bergen vert finansiert med meirinntekter frå bomringen i Bergen.

Samferdselsdepartementets vurdering

Kostnadsoverskridingane på Bybanen ser ut til å kunne dekkjast inn med auka inntekter frå bompenggeordninga. Viss dette likevel viser seg ikkje å la seg gjere, skal kostnadsoverskridingane handterast gjennom å kutte i prosjektporteføljen i Bergensprogrammet. Dette er i tråd med dei føringane som er gitte i St.prp. nr. 75 (2004-2005). Dei andre elementa i finansieringsplanen i St.prp. nr. 75 (2004-2005) vil ikkje endrast som følge av auken i bompengteinntektene.

Dei store kostnadsoverskridingane på bybaneprosjektet stiller strenge krav til god økonomistyring i Bergensprogrammet. Departementet legg til grunn at det ikkje skal setjast i gong nye prosjekt i Bergensprogrammet før utbygginga av Bybanen og Ringveg vest er kome så langt at ein har full oversikt over kostnadsutviklinga i prosjekta og inntektsutviklinga frå bompengteinnskrevjinga.

Departementet er kjent med at det framleis er uavklart om Bergen kommune får fritak for inngåande meirverdiavgift på bybaneprosjektet. Vidare er departementet kjent med at det framleis ikkje er endeleg avklart kven som skal dekkje kostnadene for omlegging av vassrøyr og kabelnett i bybanetraséen. Totalt utgjer dette ein mogleg meirkostnad på om lag 150 mill. kr. Desse kostnadene er ikkje tekne med i det nye kostnadsoverslaget for Bybanen. Bergen kommune har lagt til grunn at kommunen får fritak for inngåande meirverdiavgift på bybaneprosjektet, og at andre leidningseigarar dekkjer kostnadane ved flytting av leidningsnettet i veggrunnen.

Departementet legg til grunn at eventuelle kostnadsaukar på bybaneprosjektet som følgje av dette må løysast i tråd med dei føringane som er gitte i St.prp. nr. 75 (2004-2005).

På dette grunnlaget legg Samferdselsdepartementet til grunn ei kostnadsramme for bybaneprosjektet på 2 400 mill. kr og ei styringsramme på 2 200 mill. kr.

Hardangerbrua - kostnadsoverskriding på tilførselsvegane

Det har vore tilbodsopning på tilførselsvegane til Hardangerbrua. Dette gir ein kostnadsuake på 38,4 pst. samanlikna med overslaget for tilførselsvegane. Samferdselsdepartementet vurderer det slik at det er ein monaleg risiko for overskriding av kostnadsramma for heile prosjektet, dvs. brua og tilførselsvegane samla.

Ut frå dette har Samferdselsdepartementet funne det nødvendig at Statens vegvesen avlyser konkurransen på tilførselsvegane. Vidare har departementet bedt om at det snarast vert gjort førebuingar til ei ny avgrensa kvalitetssikring. Dersom kostnadsramma for heile prosjektet vert overskriden, vil saka leggjast fram for Stortinget på nytt.

Samferdselsdepartementet understrekar at vedtaket om bygging av Hardangerbrua ligg fast, men at dette kan innebere at slutføringa av prosjektet vert utsett med inntil eit år.

5 Programkategori Særskilde transporttiltak

Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

Post 60 Særskilt tilskot til kollektivtransport

Midlar frå BRA-programmet (Betre infrastruktur, Rullande materiell, Aktiv logistikkforbetring) vert fordelt til bykommunar og/eller fylkeskommunar etter søknad. Halvdelen av tilskotet vert betalt ut ved prosjektstart og resten når prosjektet er ferdig. Siste utbetaling finn dermed ikkje stad før året etter prosjektstart. I St.prp. nr. 69 (2006-2007) vart det derfor foreslått at posten fekk tilføyd stikkordet «kan overførast». I Innst. S. nr. 230 (2006-2007) slutta Transportkomiteen seg til forslaget frå Regjeringa. Stikkordet kom ikkje med i forslaget til vedtak. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at kap. 1330, post 60 Særskilt tilskot til kollektivtransport, får tilføyd stikkordet «kan overførast».

Forhandlingar mellom Samferdselsdepartementet og Hurtigruten ASA

I St.prp. nr. 1 (2007-2008) og St.prp. nr. 68 (2006-2007) opplyste departementet at innføring av ei NOx-avgift frå 1. januar 2007, innføring av nettoløn for tryggleiksmannskap på dei skipa som trafikkerer Kyrstruten Bergen – Kirkenes frå 1. juli 2007 og gjeninnføring av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift frå 1. januar 2007 ville utløyse forhandlingar med selskapet. Grunnen var at desse endringane har ført til endringar i rammevilkåra for selskapet i høve til det som galdt då gjeldande avtale vart underskriven.

Forhandlingane har teke lengre tid enn venta og vil venteleg ikkje verte avslutta i 2007. Samferdselsdepartementet vil komme tilbake til Stor-

tinget med resultatet av forhandlingane når det ligg føre.

6 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

Kap. 1350 Jernbaneverket

Post 30 Investeringar i lina

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på post 30 med 7 mill. kr. Midlane vil nyttast til forsert detaljplanlegging av nye investeringar som ligg inne i Nasjonal transportplan 2006-2009, m.a. planlegging av ny kryssingsspor.

Råstad haldeplass, Torp flyplass

I Innst. S. nr. 274 (2006-2007) vart Samferdselsdepartementet bedt om å følgje opp saka om mogleg forskotering av opprusting av haldeplassen ved Råstad på Vestfoldbana ved Torp flyplass. Føremålet er å leggje betre til rette for at reisande med fly til og frå Torp flyplass kan bruke tog som transportmiddel til og frå flyplassen. Fleirtalet i Transportkomiteen viste til at Vestfold fylkesting har behandla ei sak om forskotering av ein mellomstasjons stasjon for Sandefjord Lufthavn, Torp, og har vedteke å løyve 7 mill. kr for å dekkje utgiftene til ei slik forskotering.

Samferdselsdepartementet meiner at då det er snakk om eit relativt lite beløp, og at det er staten v/Jernbaneverket som skal dekkje kostnadene ved fornyinga av haldeplassen, er det lite formålstenleg å fremme forslag om forskotering. Kostnadene til fornying av Råstad haldeplass vert derfor dekt ved ei omdisponering innafor vedtekte løyving for 2007 på kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald.

Samferdselsdepartementet har bedt Jernbaneverket setje i gang arbeidet med fornying av haldeplassen ved Råstad (Torp) på Vestfoldbana utan bruk av forskotering. Arbeidet er sett i gang slik at haldeplassen etter planen kan takast i bruk ved ruteterminskiftet i byrjinga av 2008.

Kap. 1351 Persontransport med tog

Post 70 Kjøp av persontransport med tog

I samsvar med avtalen om kjøp av persontransporttenester med tog frå NSB er delar av betalinga sett av til resultatavhengig tilskot/bonusbetaling knytt til fastsette kvalitetsmål. Slik betaling finn ikkje alltid stad i budsjettåret. I St.prp. nr. 69

(2006-2007) vart det derfor foreslått at posten fekk tilføyd stikkordet «kan overførast». I Innst. S. nr. 230 (2006-2007) slutta Transportkomiteen seg til forslaget frå Regjeringa. Stikkordet kom ikkje med i forslaget til vedtak. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at kap. 1351, post 70 Kjøp av persontransport med tog, får tilføyd stikkordet «kan overførast».

Kap 1354 Staten jernbanetilsyn

Post 01 Drift

Statens jernbanetilsyn har problem med å få tak i folk, noko som har ført til at tilsynet i dag har færre tilsette enn det tilsynet har behov for og som vart lagt til grunn i budsjettet for 2007. Tilsynet arbeider med å få tilsett nye medarbeidarar til erstatning for dei som har slutta. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1354, post 01 Driftsutgifter, med 3,5 mill. kr.

Kap 5623 Aksjer i Baneservice AS

Post 80 Renter

I samband med etableringa av Baneservice AS vart det gitt eit statslån på 38,3 mill. kr som gjeld til januar 2008. Etter lånevilkåra vel selskapet renteperiode for lånet. I budsjettet for 2007 er det budsjettert med 1,4 mill. kr i renteinntekter, basert på dåverande rentenivå og ein renteperiode på 12 månader. Fram til august 2007 hadde selskapet ein renteperiode 12 månader, men har deretter valt ein renteperiode på ein månad. Endringa i renteperioden og høgare rentesats gjer at renteinntektene vert høgare enn budsjettert. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 5623, post 80 Renter, med 1,5 mill. kr.

7 Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar

Kap. 1380 Post og teletilsynet

Post 70 Tilskot til teletryggleik og –vernebuving

Post- og teletilsynet inngår vernebuingsavtalar med fleire tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og –tenester. Pålagde kjøp av vernebuingsmateriell kan ta lenger tid enn planlagt. Dette medfører at kjøpa ikkje alltid vil kunne betalast i budsjettåret. Det er viktig at tilbydarane er sikre på at dei får betalt i samsvar med dei inngåtte avtalane. Departementet foreslår derfor at kap. 1380, post 70 Tilskot til teletryggleik og vernebuving, får tilføyd stikkordet «kan overførast».

Kap. 4380 Post og teletilsynet

Post 01 Diverse avgifter og gebyr

I samband med lønsoppgjeret for 2007 er Post- og teletilsynet tildelt 1,636 mill. kr i lønskompensasjon på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter. Staten er sjølvfinansierende. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse avgifter og gebyr, med 1,636 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer i statsbudsjettet for 2007 mv. under Samferdselsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2007 mv. under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2007 mv. under Samferdselsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1300		Samferdselsdepartementet:	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir redusert med frå kr 18 400 000 til kr 16 400 000	2 000 000
1313		Luftfartstilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 140 950 000 til kr 145 950 000	5 000 000
1314		Statens havarikommisjon for transport:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 37 600 000 til kr 33 600 000	4 000 000
1320		Statens vegvesen	
	23	Trafikktilsyn, drift og vedlikehald m.m., <i>kan overførast, kan nyttast under post 29, post 30, post 31 og post 72</i> , blir auka med frå kr 6 825 400 000 til kr 6 864 400 000	39 000 000
1350		Jernbaneverket	
	30	Investeringar i lina, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23</i> , blir auka med frå kr 2 234 600 000 til kr 2 241 600 000	7 000 000
1354		Statens jernbanetilsyn:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 35 087 000 til kr 31 587 000	3 500 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4313		Luftfartstilsynet:	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med..... frå kr 97 100 000 til kr 102 100 000	5 000 000
4380		Post- og teletilsynet:	
	01	Diverse avgifter og gebyr, blir auka med..... frå kr 179 400 000 til kr 181 036 000	1 636 000
5623		Aksjer i Baneservice AS	
	80	Renter, blir auka med..... frå kr 1 400 000 til kr 2 900 000	1 500 000

II

Stortinget samtykkjer i at:

1. stikkordet «*kan overførast*» blir tilføydd løyvinga under kap. 1310 Flytransport, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter, *kan nyttast under kap. 1311, post 71*.
2. stikkordet «*kan overførast*» blir tilføydd løyvinga under kap. 1330 Særskilde transporttiltak, post 60 Særskilt tilskot til kollektivtransport.
3. stikkordet «*kan overførast*» blir tilføydd løyvinga under kap. 1351 Persontransport med tog, post 70 Kjøp av persontransport med tog.
4. stikkordet «*kan overførast*» blir tilføydd løyvinga under kap. 1380 Post- og teletilsynet, post 70 Tilskot til teletryggleik og -vernebuing.
